

Fars alder har og betydning

Kvinna sin alder er ofte eit tema når ein snakkar om det å få barn. Alle kvinner veit at den biologiske klokka tikkar og at dei ikkje bør bli for gamle før dei får barn. Men fleire studiar dei siste åra viser at og menn har grunn til å tenkje over alderen når dei blir fedrar.

Norunn K. Torheim

hadde 110, i overkant av ein per 1000, ein autistisk tilstand som autisme, Asperger syndrom eller Rett syndrom.

Andre tilstandar

Tidlegare er det vist samanheng mellom far sin alder og andre nevrologiske tilstandar som epilepsi og schizofreni. Ein mann på 40 år har like stor risiko å få eit barn som blir schizofrene som ei kvinne på 40 år

Downs syndrom er berre 4 gongar så stor som for ei kvinne på 20 år. Mens risikoen for ei kvinne på 45 for å få eit barn med Downs syndrom er femti gongar høgare enn for ei kvinne på 20 år.

Fryse ned sæden?

For menn er det mogleg å fryse ned sæd mens dei er unge. Dette er mykje lettare enn det er for kvinner å fryse ned egg. Sæd blir heller ikkje øyde-

Eldre menn er mindre fruktbare enn yngre menn. Mens ein mann under 20 år i snitt berre treng 6 månader for å gjere ei kvinne gravid, tek det i snitt 32 månader for 50-åringar. Det er og større risiko for at partnarar til eldre menn spontanaborterar og får plager som høgt blodtrykk under svangerskapet.

Miljøpåverknader

Miljøpåverknader slik som røyking og bruk av narkotika kan redusere mannen sin fruktbarheit. Når ein blir eldre er heller ikkje det cellemaskineriet som skal reparere skadar i arvestoffet, DNA, like effektivt lenger. Konsekvensen av dette kan vere at mutasjonar som oppstår i dei sædcelleproduserande cellene, blir overført frå far til barn. Det kan og vere endringar i genetisk preging (sjå s. 21) som påverkar genaktiviteten.

Autisme

Ei nye studie viser at menn over 40 år har seks gongar auka risiko for å få barn med autisme i forhold til menn under 30 år. For menn i tretti-åra auka risikoen med 1,6 gongar. Det vart ikkje funne samanheng med kvinna sin alder, men det kan skuldast at det var få kvinner over 40 år som var med i studien. Forskarane har sett på fødselsdata for meir enn 130 000 fødte på 1980-talet. Av desse



Eldre fedrar er ikkje uvanleg i dag. Foto: Royalty-Free/Corbis.

har for å få eit barn med Downs syndrom (1 av 50 det vil seie 2 prosent). Mange prøverørsklinikkar brukar derfor berre sæd frå menn under 40 år. Eldre menn har og auka risiko for å få barn med Downs syndrom. Men risikoen for ein mann på 40 år for å få eit barn med Downs syndrom er berre fire gongar høgare enn for menn som er 20-29 år. Og risikoen for at menn over 50 år får barn med

lagt på same måten som egg som blir frosne ned. Men det er likevel ikkje vanleg at menn frys ned sæden sin til seinare bruk. Berre menn som skal behandlast for kreft ser ut til å bruke denne moglegheita.

Kjelder:

- New Scientist 21. oktober 2006 46-54.
- NewScientist.com

